



Nagelsen Rør AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2934 - 17/387

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

06.01.2017

Godkjenning - tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg - GBNR 42/7 - Eiklandsvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 04/2017

Tiltakshavar: Thorstein Lien

Ansvarleg søkjar: Nagelsen Rør AS

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 09.12.2016 og supplerande dokumentasjon, journalført 06.01.2016, søkt om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg for våningshuset på eigedomen gbnr 42/7 på Eikeland. Eigedomen skal koplast til det kommunale avlaupsanlegget via stikkeleidning frå kommunal kum, slik motteke situasjonskart syner.

Eigedomen har i dag privat avlaupsløysing med slamavskiljar. Slamavskiljaren skal koplast ut ved tilkopling til kommunalt anlegg.

Vurdering:

Etter at det kommunale avlaupsanlegget på Eikeland var ferdigstilt vart alle grunneigarar orientert om rutinar for tilkopling, i brev av 13.01.2015. Ved ein feil frå kommunen fekk ikkje eigedomen gbnr 42/7 denne orienteringa. Kommunen legg difor til grunn tilkoplingsgebyret per 01.01.2015 på kr 10 000,- + mva vert gjort gjeldande for denne tilkoplinga. Årsgebyr vert å betala etter gjeldande satsar per 01.01.2017.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt att med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilnknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale avlaupsanlegget.

Føretaket Nagelsen Rør AS, orgnr 980392376, har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova §23-3. Føretaket har sentral godkjenning.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at våningshuset på egedomen gbnr 42/7 vert tilknytt kommunalt avlaupsanlegg i samsvar med søknad og situasjonskart, journalført 09.12.2016 og supplerande dokumentasjon, journalført 06.01.2017, på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

Dersom De ønskjer å leige målar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ per 01.01.2015, jf vurderinga ovanfor, der tilknytingsgebyret for kloakk var kr 10 000,- pluss mva.

Føretaket Nagelsen Rør AS har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avlaup gbnr 42-7

Kopi til:

Thorstein Lien

Kronstadveien 5 E 5053

BERGEN

Mottakere:

Nagelsen Rør As